



Innlandet
fylkeskommune

Oppdragsbrev 2025 SIVA - Næringshage- og inkubasjonsprogram frå Innlandet fylkeskommune

Innlandet fylkeskommune gir oppdragsbrev 2025 til SIVA, som fylkeskommunes operatør av dei to programma for næringshagar og inkubasjon. Dette er basert på Prop. 1 S (2024–2025) for Kommunal og distriktsdepartementet, jf. Innst. 16 S (2024–2025) og Innst. 13 S (2024–2025), og måla og strategiane frå fylkeskommunen for nærings- og samfunnsutvikling i Innlandet. For 2025 vil dette vere basert på delmål frå fylkesbudsjettet/økonomiplan for Innlandet fylkeskommune og strategiske satsingar.

1. Overordna mål og føringar

Innlandet fylke har særlege utfordringar knytte til demografi, låg utdanningsfrekvens i befolkning, låg yrkesfrekvens og eit lite FoU-intensivt næringsliv. Innlandet, som mange andre fylke har utfordringar når det gjeld tilgang på fornybar elektrisk kraft i tida framover.

Regionale planar legg ei overordna føring for utvikling i Innlandssamfunnet og derav òg rolla og målet frå fylkeskommunen som samfunnsutviklar. Dette må/skal speglast hos Sivas aktivitet i fylket.

Dei regionale planane i Innlandet fylket er:

- Regional plan for det inkluderande innlandet
- Regional plan klima, energi og miljø
- Regional plan for samfunnstryggleik

Det er forventa at SIVA bygger opp under Innlandet fylkeskommunes strategiar for næringsutvikling i heile Innlandet. For 2024 har Innlandet fylkeskommune følgjande delmål knytt til næringsutvikling:

- a) Infrastruktur som knyter byar, bygder og tettstader saman
- b) Legge til rette for kompetanseutvikling tilpassa behovet i regionen
- c) Innovasjonssystem som fremjar grøn omstilling og konkurransekraft
- d) Utnytte internasjonale moglegheiter for utvikling og innovasjon i Innlandssamfunnet innanfor regionale fortrinn
- e) Tett samarbeid mellom FoU-miljø, næringsliv og offentlege aktørar

Frå Innlandet fylkeskommune er det forventa at SIVA som operatøren frå fylkeskommunen for næringshage- og inkubasjonsprogram bidreg til realisering av Innlandsporteføljen (innlandsporteføljen.no).

Dei 10 regionane i Innlandet har ulike føresetnader for næringsutvikling og SIVA må ta omsyn til område med låg økonomisk vekst, lang avstand til større marknader, einssidig næringsstruktur og stagnasjon/tilbakegang. Dette er element som fylkeskommunen

forventar at SIVA tar omsyn til i samband med differensieringsanalysen og vurdering knytt til årlege utviklingssamtaler.

FNs berekraftsmål skal leggest til grunn for all samfunnsutviklinga i Innlandet. For samarbeid innanfor næringsutviklingsfeltet blir desse framheva; 4. God utdanning, 8. Anstendig arbeid og økonomisk vekst, 9. Industri, innovasjon og infrastruktur, 11. Berekraftige byar og lokalsamfunn, 12. Ansvarleg forbruk og produksjon og 13. Stoppe klimaendringane.

Departementet forventar at fylkeskommunane har eit godt samarbeid med SIVA, Innovasjon Noreg og Forskningsrådet om mål og strategiar for næringsutvikling i fylket sitt, og bruker den regionale partnerskapen aktivt. Samarbeidet skal gi ei klar arbeidsdeling mellom dei ulike aktørane, og skape ein god regional infrastruktur for innovasjon. Det strategiske samarbeidet med verkemiddelaktørane i fylket bør sjåast i samanheng med det styrkte oppdragsgivarranssvaret overfor Innovasjon Noreg og SIVA.

2. Oppdraget frå fylkeskommunen til Siva over post 553.61 for 2025

Innlandet fylkeskommune har gjennom kap.553 post 61 fått ei ramme til fordeling til SIVA og Innovasjon Noreg Innlandet. Innlandet fylkeskommune løyver SIVA totalt 18 400 000 mill. kr frå denne posten for 2025. I tillegg blir det løyvd 3,5 mill.kr av fylkeskommunale midlar. Totalt 21.9 mill.kr.

Inkubasjonsprogrammet får 52% og næringshageprogrammet 48%.

Inkubasjonsprogrammet

Målet med inkubasjonsprogrammet er auka nasjonal verdiskaping gjennom effektivt å identifisere, vidareutvikle og kommersialisere gode idear til nye vekstbedrifter, og utløyse ny vekst i etablerte verksemder. Målgruppa er innovative idear og bedrifter med vekstpotensial.

Midlane til og aktiviteten hos operatørane blir definert i følgjande to kategoriar:

1. Innovasjonsstøtte til små og mellomstore bedrifter (artikkel 28) som inkubatoren skal bruke på rabatterte innovasjonstenester til små og mellomstore bedrifter som er tatte opp i inkubasjonsprogrammet.
2. Støtte utanom statsstøtteregulverket som skal dekke kostnader knytte til administrasjon og gjennomføring av inkubasjonsprogrammet. I dette inngår til dømes innlemming av deltakarar i programmet, rapporteringsforpliktingar, prosjektleiing, profilering og marknadsføring, organisering av opplæring osv.

Fordeling til inkubatorane i Innlandet er som følgjer i kroner:

Skåppå	2 300 000
Klosser	4 800 000
Vaager	4 200 000
Totalt	11 300 000

Næringshageprogrammet

Målet for næringshageprogrammet er å bidra til auka verdiskaping basert på regionale fortrinn, gjennom å legge til rette for utvikling av berekraftige og omstillingsdyktige bedrifter. Aktiviteten skal skje i område med svak eller einseitig næringsstruktur, fortrinnsvis innanfor virkeområdet for distriktsretta investeringsstøtte. Målgruppa er små og mellomstore bedrifter og nyetableringar, primært i distrikta.

Midlane til og aktiviteten hos operatørane blir definert i følgjande to kategoriar:

1. Innovasjonsstøtte til små og mellomstore bedrifter (artikkel 28) som næringshagen skal bruke på rabatterte innovasjonstenester til små og mellomstore bedrifter som er tatte opp som målbedrifter i næringshageprogrammet.
2. Støtte utanom statsstøtteregelverket som skal dekke kostnader knytte til administrasjon og gjennomføring av næringshageprogrammet. I dette inngår til dømes innlemming av deltakarar i programmet, rapporteringsforpliktingar, prosjektleiing, profilering og marknadsføring av næringshagen, organisering av opplæring osb.

Fordeling næringshagar i Innlandet er som følgjer:

Valdres	2 200 000
Landsbyen	2 600 000
Skåppå	2 900 000
Sør-Hedmark	2 900 000
Totalt	10 600 000

Administrasjons- og gjennomføringskostnader

Midler til administrasjon og gjennomføring av oppdraget blir finansiert av Overføringa til kommunal- og distriktsdepartementet til Siva på kap. 553.61, på vegner av fylkeskommunane.

Kommunal- og distriktsdepartementet overfører midlar til administrasjon og gjennomføring av alle dei regionale oppdraga til Siva over kap.553, post 61. Ved risiko for at faktiske administrasjons- og gjennomføringskostnader vil overstige berekna ressursbruk, skal Siva varsle fylkeskommunane om dette. Eventuell overstigande ressursbruk til formålet skal avklarast med fylkeskommunane og leggst til neste års administrasjons- og gjennomføringskostnader. Dersom Siva har ubrukte midlar til administrasjon og gjennomføring ved årets slutt, blir dette overført til neste års oppdrag.

Særskilde oppdrag

På bakgrunn av at Innlandet fylkeskommune ønsker å ha eit godt næringshagetilbod i heile Innlandet vil SIVA bli utfordra til å følgje opp enkelte næringshagemiljø spesielt. I tillegg må SIVA og Innlandet fylkeskommune samarbeide for å få reetablert eit relevant næringshagetilbod i Sør-Østerdalsregionen. Innlandet fylkeskommune vil ev. avklare administrasjons- og gjennomføringskostnader direkte med SIVA.

Rørosregionen næringshage har målbedrifter i seks kommunar i Nord-Østerdalen. Innlandet fylkeskommune er opptatt av at næringslivet i desse kommunane har eit godt næringshagetilbod. På bakgrunn av dette vil fylkeskommunen vurdere å gi økonomisk støtte til Rørosregionen næringshage knytt til næringshageprogrammet. Dette vil givast som eige oppdrag.

Innlandet fylkeskommune vil at SIVA følgjer opp miljøa (næringshagane og inkubatorane) i forhold til arbeidet med Innlandsporteføljen og Riv-prosjektet og bidreg til ein god måloppnåing.

3. Oppdraget frå fylkeskommunen til Siva med midlar frå tidlegare 60-postar under programkategori

13.50 for 2025

Ingen

4. Oppdraget frå fylkeskommunen til Siva med egne midlar for 2025

Innlandet fylkeskommune løyver 3,5 mill.kr. til næringshagar og inkubatorar i Innlandet.

5. Styring, koordinering og samhandling

Styringsdialog

For 2025 skal det gjennomførast to regionale styringsmøte. Første møte vil bli i løpet av 1.tertial, medan andre møte vil gjennomførast i andre halvdel av 2.tertial. Innlandet fylkeskommune har ansvar for innkalling til møta.

Budsjettinnspel og forslag til satsingar

Fylkeskommunanes programstyre for SIVA programma, v/SIVA som sekretariat, skal sende budsjettinnspel for post 61 samla sett til alle fylkeskommunane innan 15.mars, med kopi til Kommunal og distriktsdepartementet. Forslaget blir drøfta i næring og plankollegiet

Siva skal sende forslag til satsingar under post 61 til fylkeskommunane innan 15. september, med kopi til Kommunal- og distriktsdepartementet og Nærings- og fiskeridepartementet. Forslaget blir drøfta i nasjonalt styringsdialogmøte på hausten. Satsingsforslaget kan vere styrkingar eller justeringar av eksisterande program og aktivitetar, eller forslag om nye program og aktivitetar. Berre større forslag blir fremja i denne runden. Forslag med budsjettmessige konsekvensar på mindre enn 15 mill. kr skal fremjast i samband med budsjettinnspelet i mars.

Innlandet fylkeskommune ønsker at SIVA skal delta i Innovasjonsforum. Dette er viktig for å styrke samhandling og samarbeid blant aktørane i innovasjonsstrukturen.

6. Rapportering

Rapporteringa til fylkeskommunane baserer seg på Sivas mål- og resultatstyringsystem (MRS-indikatorar på resultat og effekt) og støttande analysar for rapportering på dei regionale oppdraga. Innlandet fylkeskommune ber om å få tilsendt Sivas årsrapportar og tertialrapportar. Siva skal i tillegg rapportere på særlege regionale prioriteringar og utarbeide fylkesvis statistikk på resultat og effektar. Siva skal rapportere fylkesvis for førre års oppdrag innan 1. mars kvart år.

7. Utbetaling av midlar

Bevillinga til Siva vil bli utbetalt uoppmoda til Siva i 2 terminar, den første antatte halvdel av årets ramme innan 1. februar, den andre terminen i august kvart år. Siva må i god tid før første utbetaling informere fylkeskommunen om kva bankkonto midlane skal utbetalast til slik at dette kan påførast oppdragsbrevet.